



DEN NORSKE KYRKJA i Bygland

Til medlemmene i Bygland og Årdal sokneråd

MØTEINNKALLING ONSDAG 17.02.2020

Etter avtale kallar ein til nytt soknerådsmøte.

Møtet vert halde onsdag 17.02.2021 kl.19.00 på Vonheim bedehus

Om nokon vert forhindra frå å møta, ver grei å seie frå snarast til underteikna på tlf. 982 99711, eller mail: kbnilsen@hotmail.com

SAKER TIL HANDSAMING:

- Sak 1/20 Årsrekneskap Bygland kyrkjelege fellesråd 2020
- Sak 2/20 Rekneskap Bygland og Årdal sokn 2020
- Sak 3/20 Årsrapport Bygland kyrkjelege fellesråd 2020
- Sak 4/20 Årsrapport Bygland og Årdal sokn 2020
- Sak 5/20 Orienteringsaker

Bygland kyrkekontor, 03.02.2021


Olav Nilsen
Kyrkeverje

Vedlegg: Årsrekneskap og årsrapportar

Sak 1/20 Rekneskap Bygland kyrkjelege fellesråd 2020

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rekneskapen for Bygland kyrkjelege fellesråd som viser eit overskot på kr.164.072,- vert å fastsetje som Bygland kyrkjelege fellesråd sitt rekneskap for 2020.

Overskotet på kr.164.072,- vert sett av til disposisjonsfondet.

Sak 2/20 Rekneskap Bygland og Årdal sokn 2020

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Rekneskapen for Bygland og Årdal sokn for 2020 som viser eit overskot på kr.596,- vert å fastsetje som Bygland og Årdal sokn sitt rekneskap for 2020.

Overskotet på kr.596,- vert sett av til disposisjonsfondet.

Sak 3/20 Årsmelding Bygland kyrkjelege fellesråd 2020.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmeldinga 2020 for Bygland kyrkjelege fellesråd vert teken til orientering.

Sak 4/20 Årsmelding Bygland og Årdal sokn 2020

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmeldinga 2020 for Bygland og Årdal sokn vert teken til orientering.

Sak 5/20 Orienteringssaker

Status Sandnes kyrkje Åraksbø – tilskot frå riksantikvaren

Årsrapport frå prostidiakonen i Øvre Otredal 2020

Møteplan 2021

Arbeidsmiljøundersøking for personar med LHBT+identitet i Den norske Kyrkja.

Sak om LHBT+identitet og tilskot frå riksantikvaren er allereie oversendt

DRIFTSREGNSKAP

Note	Betegnelse	Budsjett 2020	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
	Inntekter			
	Brukerbetaling, sals- og leieinntekter	-86 000	-108 165	-11 100
	Refusjonar/overføringer	-181 000	-538 623	-118 561
	Kalk.inntekt v/komm. tj.ytingsavtale	-680 000	-500 000	-680 000
	Statlege tilskot	-135 000	-132 295	-133 971
	Tilskot frå sokneråd	-245 000	0	-155 592
	Tilskot frå kommunen	-1 217 000	-1 217 000	-1 195 000
	Andre tilskot, gåver og innsamla midlar	-35 000	-29 985	-31 619
	Sum driftsinntekter	-2 579 000	-2 526 068	-2 325 843
	Driftsutgifter			
	Løn inkl. sosiale kostnader	901 000	737 273	512 162
	Kjøp varer og tjenester	859 000	716 784	838 282
	Refusjonar/overføringer	64 000	201 699	237 708
	Kalk. Utg.ved komm. tj. yt.	680 000	500 000	680 000
	Sum driftsutgifter	2 504 000	2 155 756	2 268 152
	Brutto driftsresultat	-75 000	-370 312	-57 691
	Renteinntekter	0	-220	-519
	Renteutgifter	0	496	0
	Netto finansresultat	0	276	-519
3	Avskrivningar	34 000	34 279	34 279
	Motpost avskrivningar	-34 000	-34 279	-34 279
	Netto driftsresultat	-75 000	-370 036	-58 210
	Bruk av disposisjonsfond	0	0	0
	Bruk av bunde driftsfond	-72 000	-16 121	-34 729
	Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0
	Bruk av tidlegare års overskot	0	0	0
	Korrigert egenkapitalinnskudd KLP	0	0	0
	Sum bruk av avsetninger	-72 000	-16 121	-34 729
4	Avsett til disposisjonsfond	0	0	0
4	Avsett til bunde driftsfond	0	222 085	99
	Overført til investeringsrekneskapen		0	0
	Sum avsetninger	0	222 085	99
	Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	-147 000	-164 072	-92 840
	Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot)			

ÅRSREKNESKAP 2020
Bygland Kyrkjelege Fellesråd

BALANSEREGNSKAP

Note	Betegnelse	Pr.31.12.2020	Pr.31.12.2019	Pr.31.12.2018
EIENDELER				
<i>Anleggsmidler:</i>				
3	Bygg og anlegg	756 968	791 247	825 526
1	Egenkapitalinnskudd KLP	38 800	34 629	
	<i>Sum anleggsmidler</i>	<i>795 768</i>	<i>825 876</i>	<i>825 526</i>
<i>Omløpsmidler:</i>				
2	Kortsiktig fordring	71 937	117 122	142 320
	Bankinnskudd	750 856	251 200	202 016
	Skattetrekk 3100.10.71400	60 000	60 000	60 000
6	<i>Sum omløpsmidler</i>	<i>882 793</i>	<i>428 322</i>	<i>404 336</i>
SUM EIENDELER		1 678 561	1 254 198	1 229 862
EGENKAPITAL OG GJELD				
<i>Egenkapital:</i>				
<i>Disposisjonsfond</i>				
4	Bundet driftsfond	-234 606	-141 766	-149 833
	Rekneskapsmessig mindreforbruk	-295 021	-89 057	-123 687
	Rekneskapsmessig meirforbruk	-164 072	-92 840	
5	Kapitalkonto	-756 968	-791 247	8 067
2	Egenkapitalinnskudd KLP	-38 800	-34 629	-825 526
	<i>Sum fond/kapitalkonto</i>	<i>-1 489 467</i>	<i>-1 149 539</i>	<i>-1 090 979</i>
<i>Kortsiktig gjeld:</i>				
<i>Leverandørgjeld</i>				
	Skyldig forskuddstrekk	-12 154	-11 461	-18 616
	Skyldig arb.giveravgift	-73 138	-25 266	-34 348
	Skyldige feriepengar	-30 328	-20 347	-28 070
	Annen kortsiktig gjeld	-73 474	-47 585	-57 849
		0		0
6	<i>Sum kortsiktig gjeld</i>	<i>-189 094</i>	<i>-104 659</i>	<i>-138 883</i>
SUM GJELD OG KAPITAL		-1 678 561	-1 254 198	-1 229 862

Bygland,

Marit Taksdal
leiar

Guro Kvaale Skibsrud
nestleiar

Stian Øina Vestøl
styremedlem

Ånund Eldhuset
styremedlem

Kari Aud Bakke Svenningsen
styremedlem

Kjell Steinbru
sokneprest

Arve Rauk
styremedlem

Sigrd Greibrokk
styremedlem

Olav Neset
styremedlem

Olav Nilsen
kyrkjevevje

ÅRSREKNESKAP 2020
Bygland Kyrkjelege Fellesråd

NOTER TIL REKNESKAPEN

Rekneskapen er ført etter kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter, samt forskrifter og kyrkjerekneskap. om kirkeregnskap.

Note 1.

Fellesrådets pensjonsforpliktelsar er dekkja med pensjonsordning i KLP

Note 2.

Kortsiktige fordringar kjem av følgjande poster:

Kundefordringer	0
Momskompensasjonskrav	71 937
Sum kortsiktige fordringer	71 937

Note 3.

Anleggsmidler:	31.12.2020	31.12.2019	Avskrivningar 2020
Kyrkjebygg	200 000	200 000	0
Bårehus Årdal	118 630	122 720	4 090
Sanitæranlegg Austad	124 094	128 096	4 002
Nytt elektrisk anlegg Bygland kyrkje	314 244	340 431	26 187
Sum anleggsmidler	756 968	791 247	34 279

Anleggsmida er avskreve utfrå forventa økonomisk levetid.

Kyrkjebygga er sett til ein verdi som ikkje vert nedskrive.

Note 4.

Bunde driftsfond er fordelt slik:

Kyrkjebladet	615	16 736
Trusopplæring	35 306	12 044
Vedlikehaldsfond Sandnes kapell	20 000	20 000
Vedlikehaldsfond Årdal kyrkje	35 187	35 126
Nytt teppe Bygland kyrkje	5 151	5 151
Prostidiakon	198 762	0
Sum bunde driftsfond	295 021	89 057

Note 5

Kapitalkonto

Saldo 01.01	-791 247	-825 526
Avskrivningar	34 279	34 279
Saldo 31.12.	-756 968	-791 247

Note 6

Endring arbeidskapital:

	2020	2019	Endring
Omløpsmidler	882 793	428 322	454 471
Kortsiktig gjeld	-189 095	-104 659	-84 436
Netto arbeidskapital	693 698	323 663	370 035

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18

4745 BYGLAND

Forsikringstaker : 04915-001 Bygland Kyrkjelege Fellesråd

NOTEOPPLYSNINGER 2020

Nøkkeltallene for Bygland Kyrkjelege Fellesråd er :

	2 019	2 020
Innbet. premie/tilskudd inkl adm	65 258	51 966

Innbetalingen av premie/tilskudd, fratrasket 2% trekk for ansatte, er det som føres som pensjonsutgift i regnskapet.

Estimert forpliktelse/midler 31.12	2 019	2 020
Brutto påløpt forpliktelse	1 407 655	1 471 673
Pensjonsmidler	1 215 567	1 351 761
Netto pensjonsforpliktelse	192 088	119 912

Økonomiske forutsetninger	2 019	2 020
Diskonteringsrente	4,00 %	3,50 %
Forventet lønnsvekst	2,97 %	2,48 %
Forventet G-regulering	2,97 %	2,48 %
Forventet pensjonsregulering	2,20 %	1,71 %
Forventet avkastning	4,50 %	4,00 %

Det er anvendt KLPs standard forutsetninger for dødelighet, uførhet og framtidig AFP-uttak og frivillig avgang.

Medlemsstatus	01.01.2019	01.01.2020
Antall aktive	7	5
Antall oppsatte	5	6
Antall pensjoner	4	5

Det er 100% utjevning på AFP 62-64 og 100% utjevning på AFP 65-66.

Forsendelsen inneholder følgende:

- Del 1: Dette brevet med nøkkeltall
- Del 2: Følgeskriv
- Del 3: Premieoversikt

Dersom noe er uklart, vennligst ta kontakt med oss via nrs-post@klp.no og fremlegg din sak.

Med vennlig hilsen
Kommunal Landspensjonskasse

000131888/12.01.2021/1/01

BYGLAND OG ÅRDAL SOKN ÅRSREKNESKAP 2020

Note	Tekst	Rekneskap	
		2020	2019
1	Anna forbruksmateriell	0	0
	Avgifter, gebyrer og lisenser	189	593
	Gåver	0	2 250
	Overføring av ofring / innsamlede midler	22 646	64 356
	Utgifter konsert	0	36 326
	Annonser	0	0
	Overført Fellesrådet	0	0
	Andre utgifter	0	650
	Sum driftsutgifter	22 835	104 175
1	Inntekter konsert	0	-40 700
	Andre inntekter	0	-4 134
	Offer / innsamlet til egen virksomhet	-6 900	-7 063
	Offer / innsamlet til annen virksomhet	-22 646	-63 836
	Sum driftsinntekter	-29 546	-115 733
	Driftsresultat	-6 711	-11 558
	Renteinntekter	-94	-270
	Finansresultat	-94	-270
	Netto driftsresultat	-6 805	-11 828
	Avsetning til ubundne fond	0	0
	Avsetning til bundne fond	6 209	66
	Sum avsetninger	6 209	66
	Bruk av bundne fond	0	0
	Sum bruk av fond	0	0
	Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	-596	-11 762
	Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot)		

BYGLAND OG ÅRDAL SOKN BALANSEREKNESKAP 2020

BALANSEREKNESKAP

Note	Tekst	31.12.2020	31.12.2019
EIGEDLAR			
	<i>Omløpsmidler:</i>		
	Bankinnskot	143 065	136 260
	Utestående fordring	0	0
	Sum omløpsmidler	143 065	136 260
	SUM EIGEDLAR	143 065	136 260
EGENKAPITAL OG GJELD			
	<i>Egenkapital:</i>		
	Disposisjonsfond	-97 440	-85 678
2	Bundne fond	-45 030	-38 820
	Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	-595	-11 802
	Rekneskapsmessig meirforbruk (underskot)	0	40
	Sum egenkapital	-143 065	-136 260
	<i>Kortsiktig gjeld:</i>		
3	Leverandørgjeld	0	0
	Sum kortsiktig gjeld	0	0
	SUM GJELD OG EGENKAPITAL	-143 065	-136 260

*Rekneskapa er revidera og
funnet i skjonaste ordren. Alt
stemmer!*

Bygland, den 27. januar 2021.

Bygland, 13.01.2021

Olav Nilsen
Olav Nilsen
Kyrkjevevje

BYGLAND OG ÅRDAL SOKN REKNESKAP 2020

NOTER TIL REKNESKAPEN

Rekneskapen er ført etter kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter, samt forskrifter om kyrkjerekneskap.

Note 3

Kortsiktig gjeld

Sum

2020	2019	Endring
0	0	0
0	0	0

Note 2.

Bundne fond er fordelt slik:

Austad kyrkje

Bygland kyrkje

Orgelfond Årdal kyrkje

Sum

117	117	0
34 668	34 608	60
10 245	4 095	6 150
45 030	38 820	6 210

Bygland, 13.01.2021



Olav Nilsen
Kyrkjevevje

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD.

ÅRSMELDING 2020.

Fellesrådets verksemdsområde.

Prioriteringa av arbeidsområde i 2020 har vore som fylgjer:

1. Administrasjon og økonomi.
2. Personalforvaltning.
3. Bygg og anlegg.

Bygland og Årdal sokneråd ivaretek og fellesrådsfunksjonane, og har i 2020 hatt slik samansertning:

Arve Rauk, leiar
Marit Taksdal, nestleiar
Ånund Eldhuset
Kari Aud Bakke Svenningsen
Sigrid Greibrokk
Guro Kvaale Skibsrud

1.varamedlem er Stian Øina Vestøl.

Hausten 2020 sa Arve Rauk frå seg leiarvervet, og etter dette vart Marit Taksdal vald til ny soknerådsleiar, med Guro Kvaale Skibsrud som nestleiar.

Kyrkjeverja er sekretariat for fellesrådet.

I kyrkjelova står det at

Kyrkjeleg fellesråd skal

- ivaretake administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna.
- utarbeide mål og planar for kyrkjeleg verksemd i kommunen.
- fremme samarbeid mellom sokneråda.
- ivareta sokna sine interesser i forhold til kommunen.

MØTER OG SAKER.

Bygland og Årdal sokneråd har i 2020 hatt 5 møter, og handsama 29 saker.

Av større/viktige Fellesrådssaker nemnar me:

- Budsjett 2021
- Vedlikehaldsbudsjett 2021
- Årsrekneskap
- Årsmeldingar/årsrapportar 2020
- Kjøp av kontorfunksjonar frå Evje og Hornnes kyrkjekontor
- Prostidiakonisamarbeidet i Øvre Otredal
- Opprusting av Austad gamle kyrkjegard

Tilsette pr.31.12.2020	Prosent
Kleivane, Svein	2,82
Gakkestad, Knut	4,35
Moseid, Tore	4,96
Bue, Marie Haugen	7,79
Vegusdal, Tora	1,38
Thorstensen, Kim Andre	
Nomeland	2,00
Gautestad, Terese	1,28
Bloch, Magdalena	3,29
Per Emanuelsen	50,00
Olav Nilsen	40,00
Totalt	117,87

Frå og med 2020 er Knut Olav Uppstad fast organist, og har og gledd oss med spelinga si på dei fleste gudstenester og samlingar i 2020. Han er sjølvstendig næringsdrivande, og er difor ikkje med på oversikten over dei tilsette ovanfor.

Med unntak av kyrkjevevje og prostidaikon vert no alle løna på timebasis, slik at prosent av heil stilling kan variera noko frå år til år.

Per Emanuelsen er frå 01.01.2020 fast tilsett i 50% stilling som prostidiakon for Bygland, Valle og Bykle, og med Bygland som formell arbeidsgjevar, sekretariat og vertskontor. 2/3-deler av løn og andre utgifter knytt til denne funksjonen vert refundert frå Valle og Bykle.

Frå og med hausten 2018 har Bygland inngått ein avtale med Evje og Hornnes sokneråd om kjøp av ein 10% trusopplærarstilling, og frå og med 15.11.2020 ein avtale med Evje og Hornnes sokneråd om kjøp av ein 10% kontorstøttefunksjon.

MEDARBEIDARSAMLINGAR

Det har vore ei førjulssamling på Vonheim bedehus for alle tilsette.

I tillegg var mange av dei tilsette med til Vest-Telemark saman med Vonheimkoret i midten av august.. Dette vart ein sær sars vellukka tur i strålande sumarver og godt åndeleg og sosialt fellesskap.

Desse turane vert i all hovudsak betalt av deltakarane, og belastar i svært liten grad kyrkjebudsjettet.

SAMARBEID KYRKJE - KOMMUNE.

Med bakgrunn i tenesteytingsavtalen frå 1998 ber kommunen kostnadane i staden for å løyva pengar til følgjande områder:

- Dagleg drift av kyrkjegardane
- Rekneskapsføring og bruk av kontorteknisk utstyr.

Desse ordningane har fungert svært tilfredsstillande og i 2020.

Det same gjeld samarbeidet mellom fellesrådet og kommunen når det gjeld rekneskapsføring og lønsutbetaling.

Frå og med 2014 vart rekneskapsføringa overteke av Fellesrådet mot ein årleg ekstra kompensasjon på kr.50.000,-

I samband med framlegg av budsjett og vedlikehaldsplan har det vore god kontakt mellom fellesrådet og kommunen, og tilskot både til drift og vedlikehald har stort sett vorten i tråd med fellesrådets ynskje.

Rekneskapen for 2020 viser eit overskot på kr.164.072,- og eit disposisjonsfond på kr.399.000,- pr.31.12.2019.

KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kjem framleis ut med 4 nummer i året, og vert delt ut til alle husstander i Bygland kommune.

I 2020 kom det inn kr.29.985,- i gaver til bladet, mot budsjettert kr.35.000,-

KYRKJEGARDANE.

Det var dugnad på alle 6 kyrkjegardane i byrjinga av mai med god oppslutnad.

KYRKJENE.

Det vart i 2020 i all hovudsak utført dei vedlikehaldsoppgåver som fylgde av vedlikehaldsplanen, og det vart gjeve støtte til oppgradering av Austad gamle kyrkegard.

Pr.31.12.2020 er status på samtlege kyrkjer svært god, bortsett frå det elektriske anlegget i Sandnes kyrkje Åraksbø, men der ein på nyåret har fått tilsagn om eit tilskot frå Riksantikvaren til dette formålet på kr.320.000,- Det er den siste 12-årsperioden vore gjennomført vedlikehald, måling og oppgradering av kyrkjene for i overkant av kr.3 mill.

Bygland kyrkjelege fellesråd, 03.02.2021



Olav Nilsen
kyrkjevevje

ÅRSRAPPORT 2020 - BYGLAND SOKN OG ÅRDAL SOKN KYRKJELYDANE BYGLAND, SANDNES, AUSTAD OG ÅRDAL

Frå og med 01.01.2020 vart Bygland og Årdal sokn slått saman, og det vart i samband med kyrkjevalet i 2019 vald eitt felles sokneråd for det nye Bygland og Årdal sokn.

Det nye soknerådet har difor vedteke at ein frå og med 2019 lagar ein felles årsrapport.

Eit dekkande uttrykk – og for arbeidsåret 2020 i Bygland og Årdal sokn - er stabile forhold, sjølv om ein over tid har registrert nedgang både i talet på gudstenester og oppslutnad om dei gudstenestene og samlingane som er. Denne nedgangen har forsterka seg i 2020, i det alt vesentlege som følgje av restriksjonane knytta til Covid-19.

Trusopplæringa

Ann-Carina Rønaasen Reve har vore vår trusopplærar i 2020. Trusopplæringa har dette året vore sterkt prega av smitteverntiltaka. Mykje har vorte avlyst, og dei tiltaka vi har invitert til har det ikkje meldt seg nokon til. Unnataket var ein baby som har vore med på babysong i Evje. Sundag den 1. mars inviterte vi 3 årskull til ein Sprell-levande gudsteneste i samarbeid med Søndagsskulen Norge. Dei kom med to medarbeidarar, den eine hadde reist heilt frå Oslo. Dette vart ei flott gudsteneste. Men det var skuffande at berre eit søskenpar møtte opp.

Samarbeid med skulane og barnehagane.

Det har ikkje vore noko samarbeid med Byglandsfjord oppvekstsenter dette året. Heller ikkje med barnehagane. Men med Bygland skule har vi hatt eit godt samarbeid. I år kom 1.-7. klasse til skulegudstenesta før jul. Dei deltok med fine innslag i gudstenesta. Presten var med på eit kyrkjebesøk i Bygland kyrkje med 9. klasse.

Diakoniarbeidet

Frå hausten 2019 av har prostidiakon Per Emanuelsen igjen byrja å dekkja Bygland og Årdal med sine tenester, og frå og med 01.01.2020 vart Bygland kyrkjekontor vertskontor for den nye felles prostidiakonitenesta i Bygland og Årdal, Valle og Hylestad og Bykle. Frå same tidspunkt vart diakonitenesta i dalen delt i Nedre Otredal og Øvre Otredal, og der me vart ein del av Øvre Otredal. Me trur dette vil vera ei god løysing som vil styrka den lokale innsatsen på dette viktige feltet. Prostidiakonen har gjort eit verdifullt arbeid i kyrkjelydane både gjennom tilbod om heimebesøk og ulike samtalegrupper. Det lokale diakoniutvalet har òg vore i funksjon. Det har vore ei lokal oppfølgingsteneste knytt til dødsfall.

I 2020 vart det totalt forretta 28 gudstenester med til saman 862 deltakarar. 27 gudstenestene var gudstenester på sun- og heilagdagrar med til saman 840 deltakarar

I 2019 vart det totalt forretta 62 gudstenester med til saman 2.106 deltakarar. 38 av desse gudstenestene var gudstenester på sun- og heilagdagrar med til saman 1.671 deltakarar.

Gjennomsnitt frammøte på alle gudstenester var dette året 31 mot 34 året før, medan gjennomsnittleg frammøte på sun- og heilagdagrar var 31 mot 44 året før.

Ein god del av nedgangen frå 2019 til 2020 skuldast at kyrkjene i lengre periodar har vore heilt eller delvis stengde som følgje av Covid 19.

Det mest dramatiske var nok at gudstenestene jolekvelden og joledagen vart avlyst på grunn av dei strenge smitteverntiltaka. På jolekvelden skipa ei gruppe av frivillige likevel til eit arrangement på kyrkjebakken ved Bygland kyrkje med svært god oppslutnad.

Det vart forretta nattverd på 27 gudstenester med til saman 195 nattverdgjester, som er 7 nattverdgjester i gjennomsnitt pr gudsteneste. Dei tilsvarande tala for 2019 var 22 gudstenester med 306 nattverdgjester, som gjev eit gjennomsnitt på 14 nattverdgjester. I desse tala ligg og inne nattverdssamlingar på Byglandsheimen.

Diverre har det ikkje vore konsertar eller liknande kulturarrangement i 2020, og dette grunna Covid 19.

I 2019 hadde Bygland kyrkje 4 konsertar, Austad kyrkje 1 konsert/musikkmesse, og Sandnes kyrkje 1 jolekonsert med til saman 535 frammøtte. Dette gav eit snitt på 89 deltakarar pr. arrangement.

Det vert stendig mindre presteressursar til sokna, grunna tronge økonomiske rammer i prostiet, og frå og med 01.01.2020 vart det berre gudstenester annakvar sundag i Bygland og Årdal sokn. Frå februar 2019 har Bygland delt sin presteressurs med Åseral. Det inneber i praksis ei halvering av den presteressursen som tidligare har vore i Bygland.

Denne gjennomgåinga i samband med gudstenestelivet i kyrkjelydane våre, gjev oss ein grei status og ei verdifull påminning om at me alle har ansvar for gudstenestelivet i kyrkjelydane. Den beste måten å forvalta dette ansvaret på er å ta del i gudstenestefeiringa og vera med å utvikla gudstenestene våre til ein meningsfull plass i møte med kvarandre og Gud.

Oppslutnaden om dei kyrkjelege handlingane er framleis stor på enkelte arrangement, sjølv om tala samla sett er små. Dette heng tildels saman med folketalsutviklinga i kommunen.

6 born vart døypte dette året, og 14 vart konfirmerte. Dei tilsvarande tala for 2019 var 7 døypte og 15 konfirmerte. I 2020 var det 13 gravferder, mot 7 året før.

Etter at smitteverntiltaka vart sett i verk har alle dåp vore i eigne gudstenester. Dette har vore fine samlingar der dåpen og dåpsfølgjet har fått mykje meir merksemd enn dei får i ei vanleg gudsteneste. Det kan godt verte slik at dette vert trenden framover.

I 2020 kom det inn kr.29.346,- i takkoffer og kollektar. Av dette var kr.6.700,- til eige arbeid i kyrkjelydeande og kr.22.646,- til ulike organisasjonar.

I 2019 kom det inn kr. 73.834,- i takkoffer og kollektar. Av dette var kr.11.009,- til eige arbeid i kyrkjelydane og kr.62.825- til ulike organisasjonar.

Ein skal vera klar over at ein del av nedgangen i takkoffer og kollektar skuldast at det i 2020 ikkje vart gjennomført noko lokal fasteaksjon til Kirkens Nødhjelp, sjå elles omtale om dette under avsnittet om konfirmentarbeidet. I tillegg vart det ikkje teke opp kollekt til Kirkens Nødhjelp på julaftan. Til saman kom det inn kr.23.890,- på desse arrangementa i 2019, og

som det ikkje vart registrert noko på i 2020.

Bygland sokn gjorde i 2017 avtale om eit nytt misjonsprosjekt. Det er tale om eit skuleprosjekt i Kambodsja tilknytt Misjonsalliansen. Denne avtalen gjeld fram til 31.12.2021, og vert no vidareført som eit felles misjonsprosjekt for Bygland og Årdal sokn.

I høve til Trusopplæringsplanen har det dette året ikkje vore utdeling av bøker til 2-åringar, 4-åringar, 6-åringar, 8-åringar og 10-åringar i samband med gudstenester.

10-åringane fekk tilbod om å vera med på Lys våken i Evje. Ein møtte frå Bygland. Dei var og invitert til arrangementet «Tårnagentar» i Hornnes kyrkje. Ingen frå Bygland meldte seg der.

Konfirmantarbeidet går frå haust til vår. For 2019-2020-kullet vart fasteaksjonen før påske i fjor digital, men det kom ikkje inn så mykje pengar på den aksjonen – berre kr.4.338,- mot kr.17.570,- i 2019. Samtalegudstenesta vart òg avlyst. Konfirmasjonsgudstenestene for 2019-2020-kullet vart gjennomført i august/september i staden for dei planlagde datoane i mai/juni. Det melde seg 12 konfirmantar i haust til året 2020/2021. Dei får om lag 10 dobbelttimar med undervisning av soknepresten. «Kick-off» og felles konfirmantleir med Evje og Hornnes og Åseral vart avlyst sist haust. Konfirmantane vart presentert i ei gudsteneste i Årdal kyrkje den 18. oktober med berre familieane til stades. Dei deltok òg på ljosmessa i Bygland kyrkje 1. sundag i advent. Undervisninga er på Vonheim bedehus.

Det har vore andaktar på Byglandsheimen annankvar veke, til stor glede for dei som bur der. Det fall bort nokre andakter i perioden mars-april, men elles har det vore andakter trutt, også gjennom det meste av sumaren. Medverkande har forutan presten vore organist Knut Olav Uppstad og ofte har også Gunnar Gautland vore med, med song. Takk til leiinga på Byglandsheimen for at dei har halde opent for desse andaktane.

Soknerådet i Bygland og Årdal sokn vart etter soknerådsvalet 8.-9.september 2019 samansett slik:

Arve Rauk, leiar
Marit Taksdal, nestleiar
Ånund Eldhuset
Kari Aud Bakke Svenningsen
Sigrid Greibrokk
Guro Kvaale Skibsrud

1.varamedlem er Stian Øina Vestøl.


Hausten 2020 sa Arve Rauk frå seg leiarvervet, og etter dette vart Marit Taksdal vald til ny soknerådsleiar, med Guro Kvaale Skibsrud som nestleiar.

I 2020 hadde Bygland og Årdal sokneråd 5 møter.
Det vart til saman handsama 29 saker.

Soknerådet vil til sist takka alle for innsatsen i året som ligg bak. Takk til kyrkjelege medarbeidarar for trufast arbeid. Takk til alle andre som har stilt opp i ulike samanhengar. Me er og takksame for det arbeidet som vert utført kringom på bedehus og grendehus og ulik

foreiningssamanheng elles. Saman er me Guds kyrkjelyd i Bygland sokn. Det er så vårt ynskje at kyrkjelydane våre kan få stå saman i denne viktige tenesta og i året som kjem og vera til velsigning.

Bygland kyrkjekontor, 03.02.2021

A handwritten signature in black ink, appearing to be 'Olav Nilsen', written in a cursive style.

Olav Nilsen
Kyrkjeverje

Kjell Steinbru
Sokneprest
(Sign)

Årsrapport fra prostidiakonen i Øvre Otredal 2020

Innledning

Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Den er evangeliet i handling, og blir uttrykt gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet. Prostidiakoni vil derfor alltid måtte ha fokus på ensomhet, rus, psykisk helse, relasjonskonflikter og sorg. Når det er sagt, så må det tilføyes at 2020 ble Annerledesåret, på grunn av pandemien, og nedstengningen av landet 12 mars. Endel møter og fellesskapstiltak måtte avlyses, og nærhet måtte praktiseres med sprit og avstand. Men diakonien kan aldri avlyses, pensjoneres eller opphøre, den må bare iblant finne nye veier og uttrykksformer.

Organisering av stillingen

Prostidiakonstillingen i Otredal prosti ble fra 01.01.20 delt i en Nedre del i 70% st. (Åseral, Evje, Iveland og Vennesla), og en Øvre del i 50% st. (Bygland, Valle og Bykle). Jeg ble fra denne dato fast ansatt i Øvre del. Kirkevergen i Bygland, Olav Nilsen ble min arbeidsgiver, og styret for Øvre del fikk Bernt Berntsen som leder. Det består ellers av Gunnar Ellingsen, Gunn Maren Saaghus og Knut Olav Uppstad. Styret har avholdt et møte i år.

Diakoniutvalgene, kirkemiddager, temakvelder og diakoniens dag.

Det er diakoniutvalg i Bygland, Valle og Bykle. Alle 3 har hatt flere møter i løpet av året, og alle har på ulikt vis vært i aktivitet. Bykle rakk 2 kirkemiddager og en sjømannskirkekveld før nedstengning. Siden har det blitt stopp på kirkemiddager i både Bykle og Valle. Men vi rakk en tur med Team Valborg til Skafsåhei med tema Kunsten å leve i februar. Temakvelder starta opp igjen utpå høsten, og det har totalt vært 5. Deriblant 3 i Bykle i samarbeid med Frivilligsentralen. Diakoniens dag har jeg i høst vært med på i Bygland, Bykle og Valle. I de to siste var jeg både liturg og predikant, eller prest og diakon.

Andakter på sjukeheimene

Under sykdomsfravær blant prestene har jeg i år hatt andakter på alle tre sjukeheimene. Da disse ble stengt ned, og det ikke var mulig hverken med besøk eller andakt, var jeg innom og leverte en kaktus til hver av beboerne, som en hilsen fra diakonen. Disse måtte så stå i karantene i tre dager før de kunne deles ut. Jeg leverte også kaktus til nyåpna Bergtun hotell.

Hjemmebesøk og telefonsamtaler.

Hoveddelen av prostidiakonens arbeid handler om hjemmebesøk og samtaler. Da Norge stengte ned var det en periode bare mulig med samtaler via telefon. Flere av arbeidsøktene jeg skulle hatt oppover, ble derfor tatt hjemmefra på tlf. Flere besøk var med hjemme-nattverd I løpet av året har samtalene fordelt seg slik: **Bygland 148; Valle 134; Bykle 149**

Psykososiale kriseteam, sorggrupper og gravferder.

Har i løpet av året hatt flere henvendelser fra kommunenes helseetater/psykososiale kriseteam. Har ei sorggruppe i gang, og prøvde å få i gang ei til. Men tilbudet står der. Har i løpet av året forretta ved 3 gravferder, alle med begrensninger og smitteverntiltak.

Pilegrimsvandring 2021-2024

På et åpent info- og inspirasjonsmøte i Bygland i mars ble det bestemt å starte pilegrims-vandring gjennom Setesdal fra juni 2021. Jeg er sekr. i arbeidsgr., som har hatt 4 møter.

Oppsummering

Det har vært et helt spesielt år i Setesdal, Norge og hele verden. Men diakonien lever også med rådende begrensninger og smitteverntiltak. Jeg har i 2020 sendt 48 refleksjoner til Setesdølen. Hatt til sammen 431 samtaler. Takk for godt samarbeid. Takk til alle som bryr seg. Takk til alle som står på. Takk for tilliten dere viser meg. Årets ord er TAKKNEMLIGHET.